



Miljødirektoratet
v/Statsforvaltaren i Rogaland
sfropost@statsforvalteren.no

06.03.2024

KLAGE PÅ LØYVE TIL UTSETTING AV SITKAGRAN PÅ 36/1 I HÅ KOMMUNE

Dykkar ref. 2023/2779

Vi blei kjent med saka ved melding frå Miljøvedtaksregisteret 15.2.2024 og fekk søknadsdokumenta tilsendt etter førespurnad. Vi klagar med dette på vedtaket. Vi meiner at det er vesentlege manglar ved kunnskapsgrunnlaget for denne saka. Vidare at planting av sitkagran på beitemark er i strid med samfunnet sine mål.

Organisasjonane som klagar arbeidar spesielt med naturmangfald. Vi kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Kartleggingsstatus

Det står i vedtaket at artskart er bruka. Når vi ser på artskart, er det ikkje mykje registreringar der for dette området. I grunnen såpass få at det høyrer med ein diskusjon om kva grad arealet er kartlagd. Vi finn ei registrering av vipe (CR) litt søraust for dei aktuelle plantefelta. Det er grunn til å få undersøkt om vipe nyttar seg av omsøkte planteareal. For vipa vil det vere ein stor skilnad om eit areal er beitemark eller sitkagranplantasje. NiN-kartlegginga vil normalt ikkje klarlegge fugleliv.

Landskap

Vi oppfattar området som ein variasjon som ligg mellom intensivt dyrka jord som det finst mykje av på Jæren, på eina sida, og areal med beitepreg, kystlynghei og myr («brunt» landskap, blitt til over hundrevis av år), på andre sida. Ope landskap og stadeigen vegetasjon er det som stemmer i dette området. Bruk av utanlandske artar som fører til eit tett skogbilete heile året er framandt.



Kart: Artskart 4.3.2023.

Naturvernforbundet
Mariboës gate 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

Sabima
Mariboës gate 8
0183 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs
Plass, 0130 Oslo
[wwf@wwf.no](http://www.wwf.no)

Bakkehekkande artar

Bakkehekkande artar som vipe og storspove er i stor tilbakegang. Desse er knytt til opne landskap. Tett barskog nær opp til slike areal innbyr predatorar til å sitje på post.

Langdistansespreiing og verknader av spreiiing

Sjølv om plantinga av sitkagran er grunngeve med at det er mykje vind i området, er det ikkje vurderingar av langdistansespreiing i vedtaket. Dermed manglar ein vurderingsgrunnlag når ein kjem til vilkåret i forskrifta § 7: «*Det kan ikke gis tillatelse hvis det er grunn til å anta at utsettingen vil medføre vesentlige uheldige følger for det biologiske mangfold*».

Viss det t.d. finst kystlynghei innanfor nokre kilometer, er det ikkje uvesentleg kor store areal som er planta med utanlandske artar.

Det skal ikkje så mykje til før ein art som sitkagran med svært høg risiko (SE) kan føre til vesentlege uheldige følgjer. Manglande kunnskapsinnhenting har ført til at Statsforvaltaren ikkje har føresetnader for å gjere den nødvendige vurderinga i denne saka.

Grunngjeving for bruk av sitkagran

I søknaden finn ein dette:

Av erfaring er det Sitkagran som fungerer best i denne produksjonen og i klimaet på Jæren.

Det er sikkert ein rett påstand, men ein kan ikkje la dette vere avgjerande. I så fall vil Noreg om ei tid ha same skogtype som vestkysten av USA, og det vi har hatt i Noreg forsvinn. Det er langt frå i samsvar med dei pliktene vi har, mellom anna i Naturavtala.

Skogsertifisering jf. PEFC-standarden

Norsk skogbruk er underlagt krava i sertifiseringsordninga. Statsforvaltaren er ikkje automatisk del av dette. Samtidig er det ein grunn som ofte har med naturmangfald å gjere når tiltak ikkje er i samsvar med sertifiseringsordninga. Då vil det vere rett og rimeleg at Statsforvaltaren går inn på kravpunktet og gjer vurderingar av krava i standarden, i fall dette seier noko som bør vere grunnlag også for Statsforvaltar sine vurderingar.

Når det gjeld vurdering av skadpotensiale ved arten som er omsøkt planta, meiner vi det er vesentlege manglar.

Kravpunkt 21. Påskoging og treslagsskifte

Krav

Påskoging og treslagsskifte skal gi grunnlag for et langsiktig lønnsomt skogbruk.

Langs kysten fra Lindesnes til Kirkenes kan påskoging og treslagsskifte bare skje i områder der slike tiltak tidligere har skjedd vellykket og i større omfang, og bare i forbindelse med framtidig lønnsomme driftstekniske løsninger. I slike områder kan også norsk gran gjenplantes etter sluttavvirkning av utenlandske treslag. Utenfor disse områdene, inkludert i kantsoner mot myr, vann og vassdrag, skal skogeier så langt det er rimelig fjerne forekomster av treslag som ikke er stedegne.

Det går fram av søknaden at arealet som no er tiltenkt sitkagran tidlegare har vore beite.

I kravpunkt 20

Krav

Ved påskoging og foryngelse etter hogst skal norske treslag benyttes. Utenlandske treslag kan kun benyttes på arealer der det har vært plantet utenlandske treslag for skogbruksformål tidligere.

Muligheten for bruk av utenlandske treslag er begrenset til bruk av treslagene sitkagran, lutzgran og lerk, og kun i kyststrøk fra Lindesnes til og med Troms.

Vi venter av ei offentlig verksemd som Åna fengsel at dei går framom når det gjeld avvikling av bruk av utanlandske treslag, og ikkje motsett.

Karbonbinding

I vedtaket blir det vist til at sitkagran veks fort og er eigna til karbonbinding. Dette kan ein ikkje legge vekt på. Marka slik ho ligg før ei tilplanting samlar også karbon. Når ein bruker sitkagran til flisfyring/trea blir hogd før veksten blir redusert, så er evna til å føre karbon tilbake til det langvarige karbonlageret ikkje til stades, eller høgst omdiskutert.

Oppsummering

Kunnskapen om artsmangfaldet i området er uklar. Verknad av langdistansepreiing er ikkje konkret vurdert. Ved å plante på tidlegare beitemark vil eigedomen misse sertifiseringa etter PEFC-standarden, noko som bør vere eit tydeleg signal om korleis nytten av tiltaket blir vurdert. Søknaden om bruk av sitkagran må avslåast.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
Generalsekretær, Sabima

Marte Conradi
Leiar for landteamet, WWF Verdens naturfond